



MØTEPROTOKOLL STRAND KYRKJELEG FELLESTRÅD **23.09.2020 kl 1800-1915 i Jørpeland kyrkje**

Deltok: Eirik Stople (leiar), Tor Jan Aarstad, Inger Lise Alfarnes, Eli Nesvåg, Sigrid Sigmundstad og Trond Hjorteland (sekretær). Forfall: Kristoffer Amdal

30/20 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT OG SAKLISTE

Vedtak:

Innkalling, referat og sakliste vert godkjent.

31/20 REKNESKAP 2020 PER 31.08.20

Vedtak:

- Strand kyrkjeleg fellestråd tar rekneskapsrapporten til orientering.
- Restsum på inntil kr 500 000 frå reparasjon av tak Jørpeland kyrkje blir sett av til utskifting av vindauga i kyrkja, dersom Strand kommune seier ja til dette.

32/20 BUDSJETT 2021, ØKONOMIPLAN 2021-2024

Vedtak:

- Strand kyrkjeleg fellestråd vil be om budsjettinnspel frå sokneråda, med frist 1. november, til neste møte i fellestrådet som er 11. november.

33/20 STATUS TAU KYRKJE

Vedtak:

- Strand kyrkjelege fellestråd tar statusrapporten til orientering.
- Strand kyrkjelege fellestråd vil be Strand kommune om å stilla med lån for realisering av kjellar i Tau kyrkje.

34/20 HMS-RAPPORTERING

Vedtak:

- Strand kyrkjeleg fellestråd tar avviksrapporten og statusrapporten om arbeidsmiljøet til orientering.

35/20 STATUS TILTAK I SAMBAND MED KORONAPANDEMIEN

Vedtak:

- Strand kyrkjeleg fellestråd vedtar oppdatert beredskapsplan for pandemi og tar rapporten om koronatiltaka til orientering.

36/20 EVENTUELT OG ORIENTERINGAR

Vedtak:

- Sommaropne kyrkjer: Petter Nag var frivillig kyrkjevert i begge kyrkjene våre seks veker i sommar; to dagar per veke i Jørpeland kyrkje og tre dagar i Strand kyrkje. Færre folk i år pga pandemien, men han har fått gode tilbakemeldingar frå dei som er innom.
- Menighetsbladet Preikestolen: Nedgang i betaling av frivillig abonnement og litt færre annonsørar gjer at fellestrådet vil få ei sak til neste møte om eventuell underskotsgaranti.
- Felles konfirmantleir Ryfylke prosti: Storleiren for inntil 300 ryfylkekonfirmantar måtte utgå denne sommaren pga COVID19. Men prosjektet blir halde tak i med tanke på ei gjennomføring for kommande konfirmantkull.